

## Ivar Gundersen - ny A-lagstrener i Rosendal.

27.01.2014



Ivar Gundersen blir ny A-lagstrener i Rosendal. På dette arkivfotoet er han klar for å skaffe inntekter til fotballgruppa i Uskedalen.(Foto: Ola Matti Mathisen.)

**Etter nedrykket til 6.divisjon har det lenge vore jobba med å få ei god løysing på trenarspørsmålet for Alaget til Rosendal Turnlag. No er dei endeleg i mål, og ny trenar vert Ivar Gundersen. Han får med seg Tom Enæs i trenarteamet.**

Etter ei relativt kort aktiv karriere gjorde kneproblem at Ivar Gundersen tidleg skifta til trenarrolla. Sjølv om han no har hatt nokre rolegare år, har den nye A-lagstrenaren solid ein solid trenarbakgrunn. Han er utdanna Ctrenar, og særleg i tida han budde i Stavanger, hadde han mange interessanne trenaroppgåver. Han var mellom anna trenar for Madla i 3.divisjon. Dessutan hadde han ansvar for Rogaland sitt jente-kretslag i tillegg til at han var trenar på gutenivå i Viking i 4 sesongar.

Gundersen er heller ikkje ukjend med trenarrolla i Rosendal. Vårsesongen 2008 trena han A-laget etter at han sesongen før hadde hatt ansvar for juniorlaget. Lokalt har han og trent andre aldersbestemte lag.

Etter ein bra sesong då Lars Johan Myklebust trena laget, har Rosendalslaget hatt ei dalande kurve. Med ny trenar på plass kan vi håpe at denne trenden no vil snu.

Av: Thor Inge Døssland.